



DATO: 16.01.2018, kl 19:30
 MØTE: Styremøte, Hovudstyret
 STAD: Fjordahallen, Kinsarvik

OPPMØTE:	Ivar Tveito Eidnes	(ITE)	Leiar	x
	Britt-Elin Lutro	(BEL)	Nestleiar	x
	Irene Instanes	(IRI)	Kasserar	x
	Aina Nilsen	(AIN)	Skrivar/ referent	x
	Hans Jakob Sekse	(HJS)	Styremedlem	x
	Marie-Elise Lindskog	(MEL)	Styremedlem	
	Knut Raunsgard	(KNR)	Styremedlem	x
	Yngve Jåstad	(YJ)	Varmedlem	x (for MEL)

NESTE MØTE: 07/03-18 kl 19:00
 REFERENT: Aina Nilsen
 MØTENR: 2018-01

HOVUDSTYRE - MØTEREFERAT 16/01-2018

SAK	BESKRIVELSE	MERKNAD
1	<p>Klubbkle Innspel frå fotballgruppa om at det var ynskje om å få tak i meir treningskle. Trimtex kan ikkje levera fotballkle. Har hatt ei eige arbeidsgruppe som har sett på dette, som Britt Elin har vore med i. Har hatt kontakt med eit firma som heiter Macron. Dette er mest beregna på fotball. Det vert lagt opp til at kleda kan kjøpast på Spar. Jana har vore med i denne gruppa. Dei har plukka ut ein del artiklar som dei ynskjer å ha. Svart som bunnfarge med grøn. Styret går inn for dette. Ivar signerer kontrakt. Me avsluttar ikkje av trimtex-avtalen for det, denne gjeld endå. med open webside etter påske ein gong.</p>	
2	<p>Sponsorar: Idè å laga til sponsorpakkar? Bilen, kle, i hallen osv... Må samordna det litt, det er no fleire undergrupper som søkjer for seg. Me prøver å få med Spar på draktene etterkvart . Det er tre-årsavtale i dag, så i utgangspunktet fortsett me slik det er i dag. Irene lagar til eit excel-ark med ein oversikt over sponsoravtaler som ligg inne i dag. Dei fleste går ut i 2019.</p>	
3	<p>Konsert i hallen: Det skal vera konsert/danst i hallen i mars, med Jenny Jensen, med hotellet som arrangør. IL Harding er spurt om å vera med å arrangera/hjelpe til, mot betaling. Ivar sender ut ein mail til undergruppene og spør om det er nokon som ynskjer å vera med på arrangementet. Obs til seinare: sykkelgruppa slit med økonomien, me må tenkje på dette framover når me tildeler midlar, dei bør kanskje få litt meir.</p>	

4	Bassenget: Det er mykje nedgang i bruken, det er fare for å mista bassenget. Me må hjelpe til å få opp merksemda om dette, og må ta hensyn til dette når aktivitetsgruppa planlegg sine aktivitetar.	
5	Fjordahallen og Kulturhusstyret: Knut informerte litt om stoda i kulturhusstyret, at dei skal omorganisert seg litt, dei skal verta ei eiga gruppe med eige organisasjonsnummer. Dette skal opp på deira årsmøte. Driftavtalen mellom heradet og hallen. Den seier noko om kven som har ansvar for utgifter på skader om det skjer i skuletida og på kveldstid. Dette vert fulgt opp vidare i hallstyret, kva eine in skal gjera og kven som skal erstatta øydelagte ting. Det bør vera to som har ansvaret for alle treningar i hallen. Kva med foreldrevakter? Me tek dette opp att. Hans Jakob oppdaterer oversikt over medlemmene i hallstyret på heimesida.	
6	Til Årsmøte: Det må lagast eit skriv angående representantar til årsmøte når det gjeld hallstyret. Det er mange på val. Me får ein utfordring med å få til eit styre når det er så stor utskifting. Knut har ei mogleg løysing. Me må be om innspel på årets harding. Ivar sender ut mail om dette. Det må lagast eit nytt budsjett, tenkja langsiktig. Knut lagar eit forslag til eit 5 årsbudsjett. Årsmøtet vert 20/3-2018	
8	Utstyrsparken på Hordatun: Traktor og ATV. Det må på plass eit betre system slik at ein får ei god løysing på brøyting av t.d. isbanen. Beste løysing er kanskje å få tilgang til ein anna ATV som back-up. Det er dumt å investere i ny ATV, då må me og overta drift/vedlikehald, dette er det heradet som har ansvar for no. Heradet har ansvar for utstyret på Hordatun sidan det er eit kommunalt anlegg.	
9	Grasrotmidlar: Det kjem fortsatt midlar inn på grasrotmidlane til KIL. Det betyr at det er mange som ikkje har endra på dette. Det kjem og fortsatt pengar til Harding Alliansen. Det er fortsatt ikkje avslutta i Brønnøysundregisteret sidan me då kan mista mykje midlar. På sikt må ein gjera nok med dette. Ivar tek kontakt med Brønnøysund om dei kan senda ut info. Hans Jakob legg og ut info på facebook.	

Aina Nilsen
Skrivar, IL Harding